



Øystein og Johannes Haugland, Sivert Eik Høvik og Steinar Haugland var med på grusoperasjonen.

Løpebana i Husnes Idrettspark skal få fast dekke i vår og ein kreativ sjel i Uskedal Idrettslag fekk denne ideen: Då kan vi kanskje ta over den gamle raudstubben! Som sagt så gjort og no er nokre traktorlass med grus undervegs til Heio!

Onsdag og torsdag i denne første aprilveka var nokre bondemedlemmer i UIL til Husnes med høveleg reiskap for å henta grusen, No skal 4-5 hengarlass med fin, raud grus gje eit nytt og sårt tiltrengt topplag på vår løpebane,
UIL rettar ein varm takk til Trio for gavmild velvilje.

Tekst og foto: Anbjørn Høvik



Raudstubben får ein ny bruk i Uskedalen